

---

Saksnr: 2020/77154-118  
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		16.09.2021

**Møteplan 2022 for fylkeseldrerådet**

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland vedtek det framlagde forslag til møteplan for året 2022 for rådet sine møte slik den ligg føre.

Samandrag

Fylkeseldrerådet skal ha minst seks møter kvart år, og rådet vedtek sin eigen møteplan. For at administrasjonen skal kunne koordinere møta i medverknadsorgana, både med kvarandre og andre utval, vert det tilrådd at møteplan for 2022 vert endeleg fastsett. Møteplanen må vere klar til fylkestinget 29.-30. september.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Lotte Lynngård  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Møteplan for folkevalde organ i 2022
- 2 Møteplan for folkevalde organ 2022 - tillegg til politisk sak
- 3 Tilleggsnotat 2 til sak om møteplan for folkevalde organ i 2022

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeseldrerådet er heimla i kommunelova § 5-12, der det går fram at «Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd, et råd for personer med funksjonsnedsettelse og et ungdomsråd eller annet medvirkningsorgan for ungdom», jf. første ledd.

«PS 64/2021 Møteplan for folkevalde organ i 2022» vart handsama på fylkestinget 16.-17. juni. Det vart mellom anna vedtatt at fylkestinget ber fylkeskommunedirektør om å legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.-30. september 2021.

Fylkeseldrerådet vert difor bedt om å vedta eiga møteplan nå, slik at dette er klart til fylkestinget i september. Det er lurt å ta med andre utval og folkevalde organ sine møtedatoar i vurderinga, og i nemnde sak vart møteplan for hovudutvala vedtatt (sjå vedlegg). Desse møteplanane vil vere viktige for at rådet skal kunne legge opp møta slik at dei til dømes kan ta opp saker og følgje saksgangen hovudutval-fylkesutval-fylkesting. På den måten vil rådet ha ei eventuell uttale eller tilråding klar før endeleg politisk organ gjer vedtak.

Hovudutvala har lagt opp til ein lik fordeling av digitale og fysiske møter. Vedlagt saka er sakspapira frå møteplansaka i fylkestinget, med oppdatert tabell på møteplanane for hovudutvala og fylkestinget.

Frå Vestland sitt reglement for folkevalde organ og delegering følgjer det av punkt 3 *Arbeidsform* at «[m]edverknadsorgana skal ha minst seks møter kvart år og elles etter behov.»

Følgjande tabell om bevegelege heilagdagdar var vedlagt i saksframlegg frå fylkestinget. Her er dagar ein bør ta omsyn til når ein fastsett møteplanen.

Vinterferie	Inntaksområde Sogn og Fjordane: 21-25.februar Inntaksområde Hordaland: 28.februar-04.mars
Påske	14.april (skjærtorsdag)-18.april (2.påskedag)
Kristi himmelfartsdag	26.mai
Pinse	06.juni (2.pinsedag)
Hautferie	Skulerute 2022/2023 ikkje fastsett

Forslag til møteplan

D er digitalt												
møte	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Fylkeseldrerådet	18 (D)		1	26 (D)		8			8	4	29 (D)	

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet fastset sin eigen møteplan.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Kostnader i samband med møte.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet vert beden om å fastsette møteplan for 2022.